



Desse to avkøyrslane skal bli til ein – det har Vegvesenet no sagt ja til. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vegvesenet har no akseptert utspelet frå oppsittarar i sentrum i Uskedalen om at to avkøyrslar frå riksvegen som ligg ved sida av kvarandre skal bli til ein. Men det er enno eit stykkje veg å gå før handsamingsprosessen er ferdig.

Vegvesenet skriv til Tor Eik at han får førebels tilsegn om ei avkøyrslar. Den søndre avkøyrslar skal då stengjast og dei fire aktuelle oppsittarane skal knytte seg til nordre avkøyrslar under føresetnad av at dei tekniske krava vert oppfylte.

Avkøyrslar skal vera bygd av tiltakshavaren og godkjent av vegvesenet innan tre år – ellers fell tilsegna bort.

Eit av krava som vegvesenet stiller er at sikta i retning Husnes må ordnast ved at ei busk blir fjerna.